



MØTEPROTOKOLL

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 19.01.2022
Møtestad: Fjernmøte
Møtetid: 12:00 - 12:40

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordfører
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordfører
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem

Andre møtande:

Kommunedirektør Atle Fasteland,
Kommunalsjef DIS Åse Elin Myking
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
08/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
09/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
10/2022	REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR FOR EKSINGEDALSVASSDRAGET OG TEIGDALSVASSDRAGET - HØYRINGSUTTALE
11/2022	REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR FOR BERGSDALSVASSDRAGET OG TORFINNSVASSDRAGET - HØYRINGSUTTALE
12/2022	KONSESJONSSØKNAD DALE TRANSFORMATORSTASJON - HØYRING



08/2022: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 19.01.2022

Behandling:

Samrøystes godkjent.

FPØ - sak 08/2022 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

09/2022: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 19.01.2022

Behandling:

Samrøystes godkjent.

FPØ - sak 09/2022 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**10/2022: REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR FOR EKSINGEDALSVASSDRAGET OG
TEIGDALSVASSDRAGET - HØYRINGSUTTALE**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til høyringsuttale vert vedteken slik den ligg føre i vedlagt dokument.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 19.01.2022

Behandling:

Kommunalsjef Åse Elin Myking orienterte om oppdateringar i saksdokument og høyringsuttale etter førre formannskapsmøte.

Formannskapet drøfta saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 10/2022 Vedtak/Tilråding:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Framlegg til høyringsuttale vert vedteken slik den ligg føre i vedlagt dokument.

11/2022: REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR FOR BERGSDALSVASSDRAGET OG TORFINNSVASSDRAGET - HØYRINGSUTTALE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til høyringsuttale vert vedteken slik den ligg føre i vedlagte dokument.

Tilleggsforslag frå Sp,SV, H og Frp, ført inn i møteportalen av Hege Eide Vik, Sp.

Formannskapet ber administrasjonen legge til eit punkt om fiskefond til kommunen i høyringsuttalen. Dette vert lagt til før kommunestyret handsamer saka.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 19.01.2022

Behandling:

På vegner av Sp,SV, H og Frp la ordførar la fram følgjande tilleggsforslag:

Formannskapet ber administrasjonen legge til eit punkt om fiskefond til kommunen i høyringsuttalen. Dette vert lagt til før kommunestyret handsamer saka.

Formannskapet drøfta saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Sp, SV, H og Frp sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 11/2022 Vedtak/Tilråding:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:



Framlegg til høyringsuttale vert vedteken slik den ligg føre i vedlagte dokument.

Formannskapet ber administrasjonen legge til eit punkt om fiskefond til kommunen i høyringsuttalen. Dette vert lagt til før kommunestyret handsamer saka.

12/2022: KONSESJONSSØKNAD DALE TRANSFORMATORSTASJON - HØYRING

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknaden det er søkt konsesjon til er av vesentleg betydning for innbyggjarar, for natur- og kulturmiljøet og for kommunen si eiga verksemd.

- Omsøkt tiltak medfører store, varige ulemper for nærliggande bustadområde og andre innbyggjarar i kommunesenteret på Dale
- Omsøkt tiltak medfører permanente arealmessige begrensningar i kommunesenteret med store konsekvensar for kommunal vegar. Endringane er permanente og det er avgjerande for kommunen at me får ein einheitleg veg der vegnormalen for utforming av vegen og tilhøyrande anlegg vert fylgd. Det inneber til dømes godkjente løysingar for mjuke trafikantar, for kryss og avkøyrslar og for kommunal bru. Det er ikkje gjort greie for i søknaden korleis krava i veglova skal ivaretakast på kommunal veg.
- Omsøkt tiltak er plassert i eit friluftsområde tett ved Daleelva som er eit viktig laksevassdrag. Det er i liten grad utgreidd konsekvensar for natur og miljø i dette området og turområdet som er tiltenkt som massedeponi. Planar for reetablering av områda med stiar og andre kvalitetar er ikkje synleggjort tilstrekkeleg i søknaden.
- I søknaden er det avsett eit areal M1 til massedeponi m.m. på Dalegarden. Dette er kommunal grunn som er under regulering til framtidig næringsareal. Kommunen har avgrensa med eigna areal til næringsformål og ynskjer at arealet vert tatt ut av konsesjonssøknaden.
- Kommunen har i lang tid etterlyst ein forpliktande dialog med søkjaren av di det er fleire forhold ved dei planlagde tiltaka som burde ha vore avklart med kommunen som ledd i søknadsprosessen. Det gjeld kommunen sitt mynde både som plan- og bygningsmynde, som vegstyresmakt og kommunen sitt ansvar for forureining/folkehelse.
- Kommunen ber difor om at søkjaren vert pålagd å foreta mekling med kommunen med sikte på at dei lokale tilhøva vert betre tatt vare på.

Vaksdal kommune fremjar **motsegn** mot konsesjonssøknaden.



Behandling:

Kommunalsjef Åse Elin Myking orienterte om oppdateringar i saksdokument og høyringsuttale etter førre formannskapsmøte.

Formannskapet drøfta saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 12/2022 Vedtak/Tilråding:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Søknaden det er søkt konsesjon til er av vesentleg betydning for innbyggjarar, for natur- og kulturmiljøet og for kommunen si eiga verksemd.

- Omsøkt tiltak medfører store, varige ulemper for nærliggande bustadområde og andre innbyggjarar i kommunesenteret på Dale
- Omsøkt tiltak medfører permanente arealmessige begrensningar i kommunesenteret med store konsekvensar for kommunal vegar. Endringane er permanente og det er avgjerande for kommunen at me får ein einheitleg veg der vegnormalen for utforming av vegen og tilhøyrande anlegg vert fylgd. Det inneber til dømes godkjente løysingar for mjuke trafikantar, for kryss og avkøyrslar og for kommunal bru. Det er ikkje gjort greie for i søknaden korleis krava i veglova skal ivaretakast på kommunal veg.
- Omsøkt tiltak er plassert i eit friluftsområde tett ved Daleelva som er eit viktig laksevassdrag. Det er i liten grad utgreidd konsekvensar for natur og miljø i dette området og turområdet som er tiltenkt som massedeponi. Planar for reetablering av områda med stiar og andre kvalitetar er ikkje synleggjort tilstrekkeleg i søknaden.
- I søknaden er det avsett eit areal M1 til massedeponi m.m. på Dalegarden. Dette er kommunal grunn som er under regulering til framtidig næringsareal. Kommunen har avgrensa med eigna areal til næringsformål og ynskjer at arealet vert tatt ut av konsesjonssøknaden.
- Kommunen har i lang tid etterlyst ein forpliktande dialog med søkjaren av di det er fleire forhold ved dei planlagde tiltaka som burde ha vore avklart med kommunen som ledd i søknadsprosessen. Det gjeld kommunen sitt mynde både som plan- og bygningsmynde, som vegstyresmakt og kommunen sitt ansvar for forureining/folkehelse.
- Kommunen ber difor om at søkjaren vert pålagd å foreta mekling med kommunen med sikte på at dei lokale tilhøva vert betre tatt vare på.

Vaksdal kommune fremjar **motsegn** mot konsesjonssøknaden.



Vaksdal kommune

FJERNMØTE

Med bakgrunn i smittevernkarantene for politisk sekretær valde ordførar å gjennomføre møtet som fjernmøte, med heimel i kommunelova § 11-7 samt kommunestyrevedtak 123/2021 .